
Arbeidsvekebok

Museet, Ny-Ålesund 2014


Tore Storm Jortveit

Innleiing

Denne arbeidsdagboka tar for seg restaureringsarbeidet som er gjort på bymuseet i Ny-Ålesund, med formål å gjere bygget klart for ny utstilling.

Det er under arbeidet ført ned ein arbeidsdagbok som tar for seg arbeidet som er utført kvar veke. Denne dagboka er lagt ved, og gjev meir detaljere gjennomgang av kva som er gjort.

Arbeidet med restaureringar tok til for fullt til i januar 2014, og blei avslutta i slutten av juli sama år.



R. ETTA HUSELØST AV-MASSUR	
Hallsokk	Tegn.
1:75	Trac.
Erstatning for:	
21/1 - 2014	
Torge S. Lorentzen	
Erstatet av:	

Planteikning av andre etasje før restaurering tok til. Nord opp.

Innhald

Innleiing	1
Veke 11.....	5
Veke 12.....	6
Veke 14.....	7
Veke 16.....	8
Veke 17.....	10
Veke 18.....	11
Veke 19.....	12
Veke 20-22.....	13
Veke 23-24.....	15
Veke 25.....	18
Veke 26.....	21
Veke 27-31.....	23
Ferdigstilling	25


Veke 11

Golv, andre etasje sør er blir reparera. Golvluker har blitt reparera, eller laga nye.



Skøyten mellom ny og gammel del på fyrste bilete blir kledd ned for å beskytte skøyten, samt forenkle reinhald.

Golvlukene blir enten reparera, eller bytta heilt ut, så alle var i dårleg fatning.



Vindauget i sørgavelen hadde fått knust ei rute.

Det er sett inn nytt glas, og vindauget er kitta og nymala med linoljekitt og maling.

Veke 12

Golvet har blitt skrapa og pussa ferdig.



Dørøpninga frå gamle gruvemuseum i fyrste etasje sør, er fjerna for å kunne flytte ut større ting frå utstillinga. Dette for å gje plass til arbeidet vidare.

Tinga som vert tatt ut frå museet, blir plassert på Vaskerilaben eller Jarnlageret, alt etter som kva klima dei kan tole.



Mindre ting som enkelt kan berast opp trapp, blir lagt inn på loftet på museet.

Veke 14

Då gruveutstillinga stort sett er blitt rydda bort, står gruvesjakt med vogn og skinner att, med jord og stein som er sett inn for å illustrere gruvesjakta.



Det er usikkert korleis vogna har blitt sett inn i museet, men ettersom vogna truleg blir brukt i den nye utstillinga, så blir ho plassera på ei ramme som gjere det mogleg å flytte henne rundt i lokalet.



Skinnene og svillane blir tatt vare på for seinare bruk, men flyttast så jord og stein kan takast ut, og alt golv avdekkast.

Grunna stor vekt frå gruveutstillinga, har golvet kollapsa. Det vil vise seg kor omfattande skaden er når golvdekket vert tatt av, men bjelkelaget er truleg knekt under vekta. Stokkane er lagt ned ved gamle renseverket, så dei kan brukast oppatt.



Ho blir jekka av skinnene over på ramma.



Veke 16



Straum blir kopla om for å kunne rive ned det elektriske anlegget. William H. Engesland, elektriskar Kings Bay AS, set opp byggestraum for å gje strumførsel til verkty og arbeidslys.

NB: Ei veke etter oppdaga Eivind Aasen, rørleggjar Kings Bay AS, at vassløyfa i byen hadde frose. Det viser seg at nokre varmekablar har vore kopla frå utta å koplast til att. **Varmekablar skal alltid sjekkast med rørleggjar og elektriskar!**



Det gamle kontoret var kledd i malt strie på vegg over malt fiberplate og perle- eller faspanel underst. To lag linoleumsbelegg over eit lag lakkera kolvplater (trykkfast fiber) på golvet. Malt papir på strie i taket over faspanel som gjeng i lengderetning av rommet.





Når dei ytste laga er fjerna, blir panel i tak og vegg avdekt, samt golvbord. Skorstein og brannmur har ein blåfarge under stria, som står i stil med fargen på fiberplatane som stod på veggene under stria.

Planen er å nytte taklampane til Posthuset.



Veke 17



Panel i inngang blei fjerna. Himlinga måtte takast ned grunna korleis vegg og himling gjekk i hop, og bjelkelaget over måtte eksponerast.

Veggen rett fram frå inngangsdør blei rive, for å få ein gjennomgåande korridor gjennom heile bygget.

Deretter måtte golvet der toaletta har vore, takast vekk.



Veke 18



Riving av lakkera smal faspanel. Den lakkerte himlinga blir ståande for å ta vare på noko av kontinuiteten i bygget.

Det nyaste golvet avdekka eit tregolv, som i sin tid har blitt lagt over det opphavlege golvet.

Det er saga ut i golvlaga for å få lagt avløpsrør.



Veke 19



Fjerning av fiberplater på vegger i det gamle legekantorutstillinga. Under fiberplata var det ullpapp over ståande rupanel på vest-veggen, over ståande perlestaffpanel på nord-veggen, og liggjande rupanel på sør- og aust-veggen.



Veke 20-22



Det var tydelige setningar i golvet under gruveutstillinga.



Det viste seg fort at det gamle golvet på eit tidspunkt har blitt bygd over med eit nytt golv.



Det gamle golvet har blitt dekt med takpapp, før det er lagt nye bjelkar, isolera med korkspan, og lagt nytt golvdekke.



Det er klare teikn på at det er gjort forsøk på å utbetre botnsvill og golv i vestre ende av golvet, så det må ha vore viten om at det tidlegare var tilløp av råte.



Det er hovudsakleg i sør-vestre hjørne at det er råteskade i det gamle golvlaget.



Men bjelkane som bær golvet har tydeleg teikn på råte, der nokre har råtne heilt frå kvarandre.




Årsaken for at det har oppstått råte er utta tvil at ein har nytta takpapp på det gamle golvet, som er diffusjonstett, og har resultera i at fukt frå bakken under har slått seg under pappen.



Stubbloftet under golvet har òg falt ned, og det er mykje fukt i bakken under. Truleg særleg i våremninga der smeltevatn trekkjer innfor ringmuren, og legg seg under huset.

Veke 23-24



I foajeen på veste ytterveg gjeng det eit skille mellom to botnsvillar, der det ser ut til at den eldste av dei to har skråkant ut for å leie vatn ut av veggen.



Botnsvilla har truleg ikkje vore dekt med kledning då dei nedste borda på veggen er nyare enn resten. Dessutan er botnsvilla mala på utside.



Dobbeldørene i vestveggen vart tatt ut for å sikre betre mot fuktskader i veggen. Dørene er nye, og er heller ikkje i bruk.





Veggen blir lukka att, med ein kledning med tilsvarande profil og like tjukke, men breiare bord.



Grunna den nye perlestaffpanelen er 3mm tynnare, og 8mm smalare, må det forast ut 3mm på veggane der det må lappast inn. Panelen vil heller ikkje passe over eins med den gamle i breidda, så det blir noko trapping i skøytene.





Veke 25



Nordlege vegg i foajeen er kledd med perlestaffpanel. Denne er lagt rett på den den smale lakkerte faspanelen som stod.



Stenderane i vestveggen lengst sør stod i lause lufta. Dette er løyst med å rense ut under stendarane, og leggje inn kiler i ask (like breie som stendarane), som tar av for vekta i veggen. Det ligg truleg ein bjelke over i bæreveggen som har tatt av for mykje vekt fram til kilene har blitt sett inn.





Eg har endeleg fått med meg ein profesjonell spikarnappar frå Voss, Knut Hårklau, som har gått i gang med listing (sjå over).



Torstein og Mikal, elektrikarar for sommaren, har sørnga for å flytte straumtilførsel inn i naboskåpet til dataskåpet, slik at straum og data blir samla der, og vil etter planen bli skjult bak labankdører i panel.



Vidare har takbjelkane i sørenden blitt stempla opp, så søyler kunne fjernast. Ein del jord- og grusmasse har blitt tatt ut for å gje betre luft, og golvet er deretter jamna for at ein ikkje skal få samling av vatn mot treboksane (kubbane som ligg under stemplingane). Under treboksane er det jamna med grus for å gjere dei stabile, samt eit lag tjukk takpapp for å hindre kapplilær vatn å trengje opp i trekubbane.



Veke 26



Den søraustlege ytterveggen har slite med at kledninga har trukke seg i hop, og etterlatt seg store gliper som slepp inn drivsno om vinteren.

Kledninga blei tatt forsiktig ned, og ei råteskada botnstokk blei avdekket. Denne blei bytt ut med ein frisk stokk. Under den nye stokken vart det lagt asfaltpapp mot grunnmur for å stoppe kappilær vassoverføring. Nedste delen av stender/hjørnestolpe var bytt ut då denne òg hadde råteskadar i botn.



Veggen blei dekt med ny forhudningspapp på stendarar, og det som var brukandes av kledning blei sett opp att, og nye bord brukt når det var tomt for den gamle. For å unngå for mykje skøyting, blei ikkje dei mindre bitane med gamal kledning nytta, då det blei vurdert som viktigare å etablere ein tett ytterkledning.



Golvet i foajeen hadde på tidlegare vore opna for å føre vatn og avløp til toaletta. Har blei bord som var plukka frå golvet i den gamle gruveutstillinga skøyta inn for å etablere golvflate.





Etter at lettvegg i andre etasje blei riven, blei ny ribbevegg sett opp. Denne blei flytta lengre nordover enn den opphavlege veggen for å gå klar av trappeoppgang, samt gå imot pipa.

Veke 27-31



Materiala som var bestilt med båt kom endeleg i byrjinga av juli, og nye bjelker til golvet blei lagt mellom avstemplingane frå bjelkene over.



Deretter blei nytt bjelkelag lagt.



Listing tok til. Det vart brukt 19x148 bord som listing, då dette i stor grad er brukt elles i bygget.



Ei kasse i tre er lagt langs bjelke i foajeen for å skjule hovudleidningar som vil gå frå straumskåp og ut i sørdelen av bygget.



Siste detaljar for å gjere klart å leggje nytt golv på bjelkelaget.



Nytt golv lagt i sørenden av bygget. Eit bor d er frest ned i skiljet frå gamalt til nytt golv for å lette reingjering.



Ferdigstilling



Velkommen til museet.



Fojeeen sett frå aust mot vest, med dør inn til trapp til venstre.



Kontorrom mot nord.



Kontorrom mot sør, med skapdører inn til data- og straumskap til høyre.



Foajeen mot vest.



Foajeen mot aust.



Der gruveutstillinga stod før, sørdelen mot vest.



Sørdelen mot aust.



Mot utgangsparti sett fra sørdelen.



Frå sørdelen med enden i kontoren rett fram, sett nordover.



Rommet med legekantorutstilling etter restaurering, sett mot nord.



Legekantor sett mot sør.



Ny ribbevegg i andre etasje, austre del.



Ribbevegg i andre etasje, vestre del.